



Stor tømmerhaug på Børnes – eit vanleg syn for tida. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det går mykje tømmer over Børnes-kaia om dagen. Det er bra hogst i Kvinnherad, noko som har samanheng med gode tømmerprisar for tida. Hogsten går for fullt fleire stader i kommunen sjølv om sommaren er rett rundt hjørnet.

Fra nyttår og fram til 1. mai var innmålt kvantum i kommunen 3.419 kubikkmeter. Det er like mykje som vart omsett i heile fjoråret frå Søre Kvinnherad skogeigarlag. 2.000 kubikkmeter var skurtømmer medan resten gjekk til papirindustrien.

Kvinnherad toppa i fjor hogststatistikken av kommunane i Hordaland og slutt-tala viste at det vart hogge 8.000 kubikkmeter. Skogbrukssjef Terje Natland tippar at det i år vil verta hogge 3.000-4.000 kubikk i tillegg til det innmålte kvantumet.

Natland seier til Grenda at han har ei magekjensle av at det kjem eit prisfall til nausten, men han vonar sjølv sagt at det ikkje slår til.